



Aasmund Kåre Rørvik orienterte i Gamleskulen

Hautfristen går ut 10. oktober og det hastar difor med utfyllinga av søknad om gåvetildeling frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad. Aasmund Kåre Rørvik påpeika det under eit møte i Dislogforumet i Uskedalen Utvikling i kveld, Men det var ikkje noko stort beløp han kunne lokka med, det er 1,25 million for dette året.

Først i 2013 kan det vera grunn til å venta eit større beløp, men på spørsmål frå uskedalen.no turde ikkje Rørvik antyda nokon størrelsesorden. Den blir i stor grad avgjort av den økonomiske utvikling i verda.

Rørvik gav ei grundig orientering om stiftinga, som skal bidra til ålmennyttige foremål og først og fremst ta omsyn til det distriktet som bygde opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank. Slike gåver hadde lange tradisjonar i KS,

Ved fusjonen vart stiftinga i tillegg til grunnkapitalen på 330 millionar kroner tilført 20 millionar i kontantar. Det skjedde ikkje minst for å kunna dela ut ålmennyttige gåver dei første åra fram til rekneskapsmessig oiverskot kjem, Det var ikkje noko overskot å dela ut for 2010. Hovedtyngda av gåvene vil gå til lag og organisasjonar

i Kvinnherad.

Dei som vil søkja stiftinga i denne omgongen må gjera det elektronisk.

Rørvik omtala fusjonen i positive vendingar. Han spådde stadig tøffare tider for dei små sparebankane. Difor er det ein stor fordel å gjennomføra ein fusjon no når det kan skje av lyst og glede og ikkje når banken står framfor undergangen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen